

Møtereferat

Dato:21/08-2017

Emne:	Referat frå møte 2 i kunstkomiteen for Bybanen, BT4.		
Til stades:	Sølvi Marie Myrseth (SMM / BU), Annike Gullestad (AG / BU), Stein Dvergsnes (SD / BBAS), Elisabeth Vaule (EV / Bergen kommune), Petra Rahm (PR / Hordaland kunstsenter), Mariannen Ose Askvik (MOA / HFK) og Tone Stedal Haugland (TSH / HFK), Hilde Skjeggstad (HS / kunstfagleg prosjektleiar HFK).		
Forfall:	Ingrid Haukeland (IH / BU), Ronny Skaar (RS / HFK)	Sak:	
Møtetid:	Fredag 18. august kl. 09.00-11.30	Møtestad: BU, møterom Danmarks plass	

Møteleiar: Hilde Skjeggstad

Referent: Tone Stedal Haugland, Hilde Skjeggstad

Sak	Emne	Vedtak	Ansvar / frist
1.	<i>Referat frå forrige møte.</i>	Referat blei godkjend utan merknader.	
2.	<i>Orienteringssaker</i>	<p>a. Reguleringsplanen blei godkjend i bystyret 21. juni 2017. Lenkje til meir info: http://bergensprogrammet.no/bybane_page/fyllingsdalen</p> <p>b. Prosjekteringsarbeidet er no i prinsippavklaringsfase. Detaljprosjektering tek til 1. september 2017 og held fram til rundt årsskiftet. Etter dette utarbeiding av konkurransegrunnlag og kontrahering entrepenørar.</p> <p>c. Vellukka markering av kunsten til B3 torsdag 17. august, med kunstnarane til stades. Ein oppdatert faldar om kunsten er laga. Denne vil bli redigert og få nytt opplag om kort tid.</p> <p>d. Det har vore møte med informasjonsavdelinga i HFK for å utvikle nettsider som presenterer kunstprosjekta. Dette vil det bli arbeida vidare med frametter hausten. Forslag om at kunstprosjekta til Bybanen og kan annonserast i bybanevognane, t.d. på skjermene, og/eller via Skyss.</p>	<p>HS / TSH</p> <p>HS / TSH</p>
3.	<i>Arbeid med kunstplan. Diskusjon om sentrale element</i>	Innhaldet i pkt 4 i Mål-og Strategiplan for byggjetrinn 3 blei gjennomgått. I tillegg til at kunstplanen for BT4 skal leggst fram for KIA (Kultur-og Idrettsavdelinga) og BU for kvalitetssikring, er det naturleg at den og blir lagt fram på politisk nivå.	

		<p>Innhaldet i pkt 4 blei diskutert og problematisert punktvis.</p> <p>Av sentrale element som blei diskutert:</p> <p>Legge vekt på at Bybanen er for alle, og at kunsten tar plass i våre felles rom. Bybanen endrar Bergen. Kva rolle tar kunsten?</p> <p>Permanente vs. temporære prosjekt. Semje om at dei permanente prosjekta er viktigast. Vi skal arbeide med mål om at prosjekta skal spele ei rolle også om 10 og 20 år. Fleire opptatt av at tunnelprosjekta er viktige. Mogleg å vidareføre – i så fall ved bruk av enkel og driftssikker teknologi? Få problem med prosjekta i Fagerås-og Paradistunnelane.</p> <p>Mykje kunst i dag er temporær i sin natur. Eit temporært prosjekt kan t.d. vere eit prosjekt som er prosessorientert, t.d. følger transformasjonen av eit område over tid. Det blei vist til at KORO utlyser midlar der prosjekt knytt til byutvikling prioriterast. URO-midlar (uteromsordninga til KORO) kan og vere aktuelt.</p> <p>Semje om at inndelinga i A, B og C-prosjekt neppe er hensiktsmessig eller nødvendig.</p> <p>Nokre framlegg om språklege endringar.</p> <p>Ingen endelege konklusjonar, arbeidet med kunstplanen held fram utover hausten.</p>	
4.	<i>Kva ble gjort i førre byggetrinn, kort gjennomgang.</i>	Ikkje gjennomgått pga. manglande tid. Pdf med bilete følgjer referatet. Ny faldar om kunsten blei delt ut og følgjer referatet som pdf.	
5.	<i>Gjennomgang ny banetrasé Bergen – Fyllingsdalen v/Sølvi.</i>	Animasjon av bybanetraséen blei vist (https://youtu.be/1EB3tQtShg0), og dei ulike stoppestadane gjennomgått med utgangspunkt i illustrasjonar (pdf vedlagt).	
6	<i>Kunst til BT4 – kva no? Framlegg til utlysing av open prekvalifisering.</i>	<p>Framlegg til annonsetekst for open prekvalifisering blei gjennomgått, og følgjer referatet som vedlegg. Utlysinga annonserast på papir i Billedkunst, Kunsthåndverk, Morgenbladet, Klassekampen og Dag og Tid. I tillegg digital annonsering på utvalgte fagnettstader og i gratis infobrev til fagmiljøet.</p> <p>Frå annonsen lenke til hfk.no med digitalt søknadsskjema og lenker til info om Bybanen, om kunstprosjekta til Bybanen og info om organisering.</p> <p>Annonser kjem på trykk omlag 15. september, med søknadsfrist 20. oktober 2017.</p>	

7.	<i>Møteplan.</i>	Avtalt befaringsdato 25. august avlyst. Framlegg til ny dato for befaringsdato 8. september 2017 kl. 0830-11.30. Epost følger. Neste ordinære komitémøte er avtalt til 15. september 2017.	
8.	<i>Evt.</i>	Det var ingen saker til Evt.	

Vedlegg:

1. Pdf av bilete av kunst Bergen-Flesland.
2. Pdf av ny folder.
3. Pdf av illustrasjon stoppestader.
4. Framlegg til annonsetekst prekvalifisering.